

Årsmelding for Nordmøre spelmannslag 2010

Styret har i meldingsåret vore slik samansett:

Leiar	Magnar Almberg
Nestleiar	Rolf Holte
Kasserar	Peder Hønsvik
Skrivar	Arnstein Brevik
Styremedl.	Solveig Sandvik

Vara	Jon Grimsmo og Hilde Bergfald
Valnemnd	Helga Eikrem og Helge Husby
Revisorar	Torstein Hammes og Arve Heggdal

Styret har i året ikkje hatt formelle, protokollførte styremøte. Sakene har vorte drøfta og ordna på uformelt vis på laget sine øvingar.

Reint musikalsk har det derimot vore eit aktivt år. Laget har i samarbeid med Todalskoret arrangert konsert i Stangvik kyrkje. Her var det godt oppmøte av publikum, og tilbakemeldingane var positive.

Vi deltok på fylkeskappleiken på Åndalsnes i april - der var det fine forhold, og vi hadde stor tru på oss sjølve, både før og etter framføringa. Da resultatet vart kjent, dala humøret ein del, men det er ikkje å vinne som er det viktigaste, men å delta og å ha det moro. Tross alt kan ein vel seie at plasseringa var "brukbar" i lagspel, men noko dårlegare i open klasse. Best resultat vart det likevel i gruppespelet. Her gjekk "Brechans" av med sigeren, så vi får sole oss i deira glans. Når vi først skal sole oss i andres glans, så må vi vel ta med Unni Boksasp som fekk tildelt spelmannsprisen for 2010.

Rett før sommaren var laget med på Nordmørstreffen i Foldfjorden.

Oppstarten på hausten var ei samling i Rindalen med mykje spel og bacalao. Da vi spela Halling frå Sunndalen rømde katta huset. Det kunne vore fleire som hadde overnatta til sundag, men slik vart det. Elles var hausten prega av at NRK hadde teke kontakt og ytra eit sterkt ønske om å få gjera opptak med laget med tanke på kringkasting gjennom radioen. Det vart ei hektisk helg med innspeling i Straumsnes kyrkje 2. og 3. oktober. Resultatet vart fleire innslag i Folkemusikkstimen utover hausten og førejulsvinteren. Vi må seie at det vart god reklame for laget.

Av andre saker det har vore snakka om i styret, kan nemnast planane om ei CD-innspeling. Det har det ikkje vorte noko av enno, men det gjeld å ha framtidsvyer. Når det først er snakk om framtidsvyer, har det òg vore snakka ein del om tur til Shetland - det har òg vorte berre med snakket. Det som det ikkje har vorte berre snakket, er fylkeskappleiken i 2012. Da er det Nordmøre sin tur, og alt no er det ordna med lokale i Surnadal.

Laget har hatt jevnlege øvingar heile året, dei alle fleste har vore på Halska skule.

Halsa, 20. mars 2011

Styret